

Referent: Åge Avedal**Dato** 06.01.2022

Emne:	Referat frå møte i samarbeidskomiteen for frivilligheitas år	
Til stades:	Birgitte Brekke (Frivillighet Norge), Marianne Hoff (Vestland Musikkråd), Inger Paulsen (Vestland Innvanderråd), Torgeir Toppe (VOFO Vestland) Geir Rune Rauset (FNF Sogn og Fjordane) Kari Valle (Vestland frivilligsentralar), Trude Iversen (Bergen og Hordaland Turlag, representerer FNF Hordaland), Vibecke Magnus (FFO Vestland), Knut Songve (Vestland idrettskrets), Shahnaz Shefa Amin, Britt Karen Spjeld, Frank Tore Farsund Tveit, Per Morten Ekerhovd, Ronny Bjørnar Skaar, Åge Avedal (dei seks siste frå Vestland fylkeskommune).	
Forfall:		Sak: 2022/1315 - 1
Møtetid:	06.01.2021	Møtestad: Teams

Møteleiar: Ronny Skaar

Sjå også presentasjonar som er lagt ved referatet.

1. Velkomen og kort presentasjonsrunde

Deltakarane presenterte seg og organisasjonane kort. Ronny Skaar orienterte om organiseringa av arbeidet med Frivilligheitas år i Vestland. Ressursgruppa med deltakarar frå 30 frivillige organisasjonar kjem med innspel til arbeidet. Samarbeidskomiteen kjem med innspel og samarbeider med fylkeskommunen om tiltak. Arbeidsutvalet med tilsette i fylkeskommunen tar seg av praktisk arbeid med tiltak i Frivilligheitas år.

2. Frivilligheitas år 2022 – nasjonale tiltak og markeringar

Birgitte Brekke, prosjektleiar for Frivilligheitas år 2022, orienterte om nasjonale tiltak og VÅR DAG-arrangement som har fått tilskot i Vestland. Presentasjonen er lagt ved referatet.

3. Orientering om tiltak i Frivilligheitas år 2022 i Vestland fylkeskommune sin regi

Hovudutval for kultur, idrett og integrering har vedtatt at Frivilligheitas år 2022 skal markerast i Vestland gjennom frivilligkonferanse, utdeling og frivilligpris, via informasjons- og formidlingsarbeid og tildeling av tilskotsmidlar. Det er sett av 811 605 kr til tiltaka i fylkeskommunen sitt budsjett 2022.

4. Runde rundt: Kva planar har (paraply)organisasjonane?

- Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) Vestland: 3. desember er FN-dagen for funksjonshemma, og vil bli markert. Er også aktuelt å kople seg på andre tiltak og markeringar, og vil gjerne samarbeide med andre organisasjonar.
- Vestland Musikkråd: Har planlagt scene i Byparken i Bergen 1. oktober, der det frivillige musikklivet i Vestland kan vise seg fram frå scena og via t.d. stand.
- Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane: Fleire av organisasjonane som er tilslutta paraplyen melder at dei vil nytte eksisterande aktivitetar til å markere Frivilligheitas år. Friluftslivets veke og strandryddeveke er sentrale tiltak.
- Bergen og Hordaland Turlag: Vil bruke Sjøfjellsturen 2022 som VÅR DAG-arrangement. Vil lage film og framheve frivillige i sosiale media. Fokus på det sosiale og rekruttering.

- Vestland Frivilligsentralar: Sykkelturen 2022 er i Vestland 22.-28. juni, med aktivitetar i regi av lokale frivilligsentralar ulike stadar langs ruta kvar dag.
- Vestland idrettskrets: Vil bruke eksisterande arrangement til å markere Frivilligheitas år, m.a. NM-veka. Er også interessert i å bidra under andre sine tiltak, og vil bruke m.a. sosiale media til å takke for innsatsen og stimulere til aktivitet.
- Vestland innvandrerråd: Har ikkje konkrete planar, men vil vise fram det store mangfaldet som finst innan frivilligheita. Har også gode erfaringar for samarbeid med andre organisasjonar, og er interessert i dette vidare. Vil løfte m.a. emna inkludering og psykisk helse.
- Vaksenopplæringsforbundet (VOFO) Vestland: Vaksenopplæringskonferanse nasjonalt i januar (digitalt). Er aktuelt med konferanse for studieforbunda mfl. på våren der Frivilligheitas år blir markert.

Elles vart det tatt opp at vi på systemnivå må diskutere og reflektere over om vi er gode nok til å ta imot dei frivillige. Vi må styrke kommunane sitt arbeid med frivilligheit. Vi må bryte ned barrierar og gjere det lett å vere frivillig. Det er viktig å nå myndighetene og sikre gode økonomiske rammer. Frivilligheit bør vere tema også på politisk nivå i fylket, kanskje som temadag for politikarane? Vi må utvikle frivilligpolitikken vidare i fylket og i kommunane.

5. Innspel til statuttar for frivilligpris i Vestland

Frivilligprisane til Frivillighet Norge og Trøndelag fylkeskommune vart presentert. Arbeidsutvalet for Frivilligheitas år vil legge fram forslag til kriterium og ramme rundt prisen til neste møte i samarbeidskomiteen. Må avklare om prisen skal delast ut under frivilligheitskonferansen eller kulturkonferansen i Vestland.

6. Innspel til fysisk og digitale frivilligkonferansar

Innspel som kom opp under møtet:

- Fokus på korleis finne fram i mylderet av aktivitetar og gje smakebitar på ein del av det som finst.
- Frivilligkonferansen bør vere tidleg i juni, før frivilligheita «tek ferie».
- Kan kanskje kombinere konferanse med stands frå organisasjonane.
- Frivilligheitskalender for fylket?
- Transnasjonalitet og identitet. Korleis få opp deltakinga frå innvandrarar i frivilligheita?
- Kva kunnskap treng vi og manglar vi for å kunne få med fleire?
- Internasjonal inkludering. Kva fungerer og ikkje?
- Frivillige organisasjonar som arena for inkludering og nettverksbygging.

Alle vart oppmoda om å sende fleire innspel etter møtet. Arbeidsutvalet vil legge fram meir konkrete forslag til tema og rammer for den fysiske konferansen til neste møte.

7. Diskusjon om formidlings- og informasjonsarbeid i Vestland

Vi vil komme tilbake til denne saka på neste møte i samarbeidskomiteen.

8. Eventuelt

Møteplan våren 2022:

- Torsdag 3. februar kl. 13 – 15
- Onsdag 2. mars kl. 9 – 11
- Onsdag 20. april kl. 9 – 11
- Onsdag 25. mai kl. 13 – 15

Åge Avedal, referent